



Elin framfor Gaute Hauglands dekorative vegg (Foto: Kvinnheringen)

**Elin Enes håpar å vera skikkeleg i gang med Elins matgleder i dei nye lokala om ein månads tid og då vert det opningsfest. Til Kvinnheringen seier ho at det er kjekt at så mange har tru på henne.**

**Ho har fått god hjelp av familien og ikkje minst kommunen og Karin Thauland. I tillegg har ho fått støtte av frå Innovasjon Norge. Elin seier ho blir glad av å laga mat og av å gleda andre med smaksopplevingar.**

Ho berømmar mannen Geir som har vore ein god støttespelar. Ho hadde ikkje klart dette utan han. Dei diskuterar planar og løysingar og han har hjelpt mykje med det byggetekniske der han har mykje meir innsikt enn henne.

Eigentleg ville ho ikkje heim frå Spania men så bad venninna Siren Simonnes henne om å laga mat til eit arrangement og Elin fekk veldig god respons. Så overtala ho mannen til å byggja lokale.

Elin presiserer at ho ikkje skal starta gardsbutikk slik mange trur. Ho tenkjer heller å bruke tida når ho ikkje har matbestillingar til å produsera opp litt varer til butikken. Det blir truleg syltetøy, julekøks og konfekt. Ho håpar også å dyrka nokre råvarer sjølv.

Ho ønskjer også å samarbeide med andre slik at ho kan konsentrera seg om maten. Til dømes fungerer samarbeidet med Systrene Nilsen veldig godt, der dei har serveringslokale og ho lagar maten.

Elin har ei deltidsstilling på kjøkenet på Spar Seimsfoss, men då folk fekk nyss i det nye konseptet byrja bestillingane å strøyma på. Ho har allreie fått bestillingar til konfirmasjonen neste år. Det kan sjå ut som om dette vert ein heiltidsjobb.